

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8924-1

## **Permisjonsreglementet - tilpasningar**

### **Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet vedtek ny ordlyd for § 24 i permisjonsreglement i samsvar med dei presiseringane som er gjort i saksutgreiinga.
- 2) Frm-personal får fullmakt til redaksjonelle endringar i reglementet og i tilhøyrande søknadsskjema utan at dette medfører realitetsendringar.
- 3) Reglementet gjeld ikkje dersom det strir mot lov, tariffavtale eller andre reglar som er bindande for fylkeskommunen.
- 4) Fylkesrådmannen kan i spesielle tilfelle gjere unntak frå reglementet, for å gi permisjon i andre høve enn dei som er omtala i reglementet.

Vedlegg:

- A) Gjeldande permisjonsreglementet
- B) Gjeldande søknadsskjema

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Gjeldande reglement er oppfatta som noko uklårt og tvitydig på områder som ikkje er lov- og eller tariffregulert. Fylkesrådmann persiserar og gjer tydeleg hovudreglane for området ymse permisjonar § 24 og fremjar ny ordlyd. Som overordna føring og premiss for å kunne innfri ønskje om permisjonar etter denne paragrafen er om tenestetilhøva ligg til rette for permisjonen. Permisjonar kan berre gjevast frå eit tilsetjingstilhøve i fylkeskommunen – ikkje frå ei bestemt stilling og/eller avdeling i fylkeskommunen.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen sitt permisjonsreglement vart vedteke av fylkesutvalet 30. april 1998, med påfølgjande retningslinjer og kommentarar til reglementet i rundskriv datert 08.03.99. Reglementet vart siste revidert i 8. februar 2006 i sak 06/683-1 med vedtak i hovudsamarbeidsutvalet. Reglementet samlar alle lov- og avtaleregulerte permisjonsrettar og framstår med det dynamisk ved at den ikkje kan gjeve dårlegare vilkår enn det som til ein kvar tid er avtala i lov- og avtaleverk. Under overskrifta ymse permisjonsreglar har vi lagt interne reglar. Paragraf 24 der framstår noko tvitydig og treng difor presisering.

I samband med omstillingsarbeidet SFJ2019 er det viktig for alle partar – for dei tilsette, for den politiske- og for den administrative leiinga – at permisjonsrettar og permisjonsmoglegheiter vert eintydige og ikkje er til å misstyde. Føresetnadene endrar seg raskare enn tidlegare og verksemda må aktivt handtere endra kompetanse- og bemanningsbehov med dei følgjer og konsekvensar dette fører med seg. Det vert særdeles viktig å forvalte personalet rett og sikre dei tilsette og den kompetanse dei representere. Fylkesrådmann vil med dette klargjere reglane i § 24 i reglementet om ymse permisjonsreglar.

### **3. Vurderingar og presiseringar**

I kapittel 6 om ymse permisjonsreglar opnar § 24 med reglar for permisjon ved overgang til høvesvis ny stilling innafor og utafør fylkeskommunale einingar. Reglementet sine generelle reglar i §1 står det at reglementet *gjeld for alle tilsette i fylkeskommunen som går inn under fylkeskommunale løns- og arbeidsvilkår, dvs også mellombels tilsette*. Når det vedkjem mellombels tilsette vil denne kategorien tilsette ikkje bli omfatta av reglane i § 24. Ingen er både mellombels tilsette og har samtidig min fem års tilsetjingsforhold. Det er også slik at tilsette som vert definerte som overtalige eller som er inne i slike vurderingar ikkje kan rekne seg som søkegode til permisjon etter § 24.

Som overordna føring og premiss for å kunne innfri ønskje om permisjonar etter denne paragrafen er om tenestetilhøva ligg til rette for permisjonen. Sakshandsaming hjå den/dei som har avgjerdsmynde i søknader etter denne paragrafen skal altså ta utgangspunkt i føringa slik den er formulert i denne sjølvvalde ordninga.

Permisjonsmoglegheita har til føremål å stette behovet for tilpassa eller auka kompetanse til beste for den kommunale verksemda og for medarbeidaren sin eigen kunnskaps- og ferdigheitsutvikling. Ordninga i § 24 skal ikkje innehalde kategoriar som høyrer heime under velferdspermisjonar. Desse vert for øvrig er ivaretekne under kapittel 5 i reglementet. Fylkesrådmann rår difor til at sekundervilkåra *om helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar* (A3) vert haldne utafør denne ordninga.

Fylkesrådmann gjer framlegg om å ta burt pkt. 2 om tilsetjingstilhøve i meir enn 10 år. Dette vilkåret står i motstrid til det overordna premissen om at tenestetilhøva må ligge til rette for permisjonen. Slik det no står gir det skinn av å vere ei blankopremiss som ikkje skal ta omsyn til hovudpremissen. Overordna vilkår er altså om tenestetilhøva ligg til rette for permisjonen. Vilkåra vidare slik dei er skildra under A) må difor vurderast andsynes dette.

Det overordna prinsipp vil gjelde uavhengig om den tilsette har tilbod om anna jobb i eller utafør fylkeskommunen som organisasjon. Det er difor irrelevant å knyte ulike vilkår for om jobbtilbodet ligg innafor eller utafør eigen organisasjon.

Ny ordlyd i §24 vert difor endra til:

§ 24 Permisjon ved overgang til ny stilling

#### **Gjeldande ordlyd**

§ 24 Overgang til ny stilling

Føremålet med regelen er å gje tilsette høve til permisjon for å lære og utvikle seg vidare i ein annan organisasjon, i eit avgrensa tidsrom, dersom tenestetilhøva ligg til rette for det.

A) Ny stilling utanfor fylkeskommunen

Permisjon utan løn for inntil 1 år vert gjeve når eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

1. Når søkjaren har vore tilsett i fylkeskommunen i minst 5 år: Permisjon vert gjeve dersom permisjonen ikkje vil medføre vesentlege ulemper for verksemda, og den vil gje søkjaren fagleg utvikling av vesentleg betydning for vedkomande sitt arbeid i fylkeskommunen.
2. Når søkjaren har vore tilsett i fylkeskommunen i meir enn 10 år.
3. Når det ligg føre tungtvegande helsemessige, sosiale eller andre vektige velferdsgrunnar som tilseier at søkjaren bør skifte arbeid for ei tid.

B) Ny stilling innan fylkeskommunen

Dersom søkjaren har vore tilsett i noverande stilling i over 10 år, skal det gjevast permisjon utan løn for inntil 2 år.

Permisjon skal gjevast til søkjar som har vore tilsett i noverande stilling i over 5 år, dersom permisjonen ikkje medfører vesentleg ulempe for den løpande drifta. Permisjon er avgrensa til 1 år, med høve til forlenging ytterlegare 1 år i heilt snesielle tilfelle dersom det ikkje medfører problem for drifta.

Føremålet med regelen er å gje tilsette høve til permisjon for fagleg utvikling som har vesentleg betydning for vedkomande sitt arbeid i fylkeskommunen. Dersom søkjaren har vore tilsett i fylkeskommunen i minst 5 år og at tenestetilhøva ligg det til rette for det kan det gjevast slik permisjon utan løn for inntil 1 år. Permisjon blir i tilfelle gitt frå fylkeskommunen – ikkje frå ei bestemt stilling og/eller avdeling i fylkeskommunen.

#### **4. Konklusjon**

Forutan dei presiseringane som her vert fremja i permisjonsreglementet medfører dette ikkje realitetsendringar andsynes overordna føringar i reglementet. Fylkesrådmann tilrår difor hovudsamarbeidsutvalet å vedta dei presiseringane og språklege oppdateringar og tilpassingar som er gjort i reglementet.